



Fylkesmannen i Vestland  
Tor G. Turøy  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.: 2019/20235

Vår ref.: 19/238

Vår dato: 14.01.2020

Sakshandsamar: Mari Pleym //

## Utgifter til legemiddel på kvit resept - berekning av sosialstønad

Det blir vist til brev frå Fylkesmannen i Vestland dagsett 23.10.19.

De har spørsmål knytt til utgifter til medisin på kvit resept. Det visast til at det kan vere ei utfordring for NAV at ein del legemiddel på kvit resept er etter måten dyre. De nemner til dømes utgifter til Aimovig, eit legemiddel mot migrene som ikkje kjem inn på blå-resept ordninga i 2020.

Vi er kjende med at ordninga med dekning av utgifter til Aimovig har blitt endra i etterkant av brevet dykkar. Vi legg til grunn at Fylkesmannen likevel vil ha eit svar da problemstillinga de reiser er av generell karakter.

Når det gjeld utgifter til medisinar på kvit resept, kjem det fram av rundskrivet pkt. 4.18.2.45 at slike utgifter inngår i kjerneområdet for livsopphald. Dette er utgifter som NAV-kontoret har plikt til å ta med i vurderinga av stønadsbehov og ved utmålinga av stønad.

NAV-kontoret skal ikkje overprøve den medisinske vurderinga knytt til utskrivninga av eit medikament. Men på vanleg måte må det gjerast ei konkret vurdering som er knytt til nivået på stønaden. Dette punktet i rundskrivet må lesast i samanheng med andre punkt som omtaler utmåling av stønad på eit nøkternt nivå. Det er ikkje slik at ein kan ha rett til å få dekkja ei kvar behandling eller medisin av kommunen dersom systemet til folketrygden ikkje dekkjer dette. NAV-kontoret må foreta ei konkret vurdering av saka.

**NAV // ARBEIDS- OG VELFERSDIREKTORATET // HJELPEMIDDELKONTORET**

Postadresse: Postboks 5 St. Olavs plass // 0130 Oslo

E-post: arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no

[www.nav.no](http://www.nav.no) //

Med helsing

Tormod Moland  
kontorleiar  
Hjelpemiddelkontoret

Mari Pleym  
seniorrådgjevar  
Hjelpemiddelkontoret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*